



## Notat

Dato: 11.04.2014  
Arkivsak: 2014/15115-2  
Saksbehandlar: mattorg

---

**Til:** Fylkesordfører

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Kontaktutval ferjefri E39 - Spørsmål i fylkesutvalet til fylkesordfører

#### Bakgrunn

I fylkesutvalet sitt møte 27.03.2014 vart det stilt slikt spørsmål til fylkesordfører:

*«Mona Røsvik Strømme bad om at det vert lag fram sak om følgjande:  
Ber fylkesordfører vurdere å opprette et kontaktutvalg i Hordaland for ferjefri E39.»*

Dette notatet skisser muleg mandat og samansetting for eit slikt kontaktutval på grunnlag av den vidare prosessen med utarbeiding av ein statleg plan.

#### Statleg plan

I brev frå Samferdselsdepartementet datert 20 desember står m.a. følgjande:

*På bakgrunn av regjeringens behandling av saken, ber Samferdselsdepartementet om at Vegdirektoratet legger til rette for vidare planlegging i saken basert på følgjande premisser:*

- *K4C Midtre linje skal legges til grunn for fremtidig E39 mellom Akسدal og Bergen. E39 skal krysse Bjørnafjorden med bru mellom Tysnes og Os.*
- *Prosjektet skal planlegges etter statlig plan etter plan og bygningsloven (pb1) på det nivå der konkrete traser fastsettes, dvs kommunedelplan.*
- *Det tas senere stilling til om det også er behov for statlig plan på neste plannivå (reguleringsplan). Det blir startet planlegging etter pbl i tråd med dette.*
- *Prosessen vidare skal legge til rette for å redusere konflikt og uheldige virkninger for natur og kulturminner. Det legges til grunn en god dialog med lokale myndigheter*

Den statlege planen vil, som for tilsvarende kommunedelplanar, innehalde alternative trasear med tekniske og økonomiske vurderingar. Vidare skal det lagast ei KU der konsekvensar for nærmiljø /friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø, landskapsbilde og naturressursar for dei ulike traseane vert vurderte.

SVV er ikkje ferdig med å avklare korleis dei vil følge opp arbeidet med statleg plan. Førrebels har dei antyda at dei ønskjer å dele opp planarbeidet i 4 handterlege planar. Dette kan vere strekningane Os-Jektvik, Jektevik - Stord, Fylkesgrensa – Stord og Bokn –Fylkesgrensa. Den konkrete geografiske avgrensinga vert vurdert i planprogramma. Det vert vurdert eit felles prosjekt for heile strekninga Os-Bokn, sjølv om arbeidet blir inndelt i fleire planprosessar. Det er grunn til å tru at planarbeidet med Os-Jektevik vert starta opp først, og dei andre delane etter kvart. Det er ikkje avklart om områda sør for Jektevik skal lagast som statlege planar, eller om det skal lagast på ordinær måte som kommunedelplanar.

Planprogramarbeidet for Os- Jektevik startar truleg opp i vår/sommar, og arbeidet med planprogrammet vil vare i alle fall eitt år. Statens Vegvesen har antyda at det kan bli både ei politisk og ei administrativ samarbeidsgruppe med Statens Vegvesen. Desse vil m.a. bestå av dei berørte kommunane og av fylkeskommunen, slik at kommunane og fylkeskommunen kan få god innverknad på sjølve planprosessen gjennom dette.

### **Vurdering**

Eit eventuelt kontaktutval må difor først og fremst vere eit organ for å avstemme interessene til kommunane, fylkeskommunen, lokalt næringsliv, samt å vere eit organ for å drive påverknadsarbeid mot samferdselsstyresmaktene, Stortinget og Regjeringa for prioritering av økonomiske rammer til ferjefri E39.

### **Mandat og samansetting**

Mandatet for eit slikt kontaktutval kan vere:

- Arbeide for å få fortgang med å realisere ny E39 mellom Os og fylkesgrensa, og sikre at sambandet vert prioritert i nye rulleringar av NTP og i framtidige statsbudsjett.
- Fremje interessene til viktige tilknytningar og tilførselsveggar på fylkesveggar inn mot planarbeidet for ferjefri E39.
- Drøfte og utgreie alternativ organisering og finansiering og aktuelle opplegg for lokal delfinansiering av sambandet gjennom bompengerekkjeving.
- Arrangere møter og konferansar med tema knytt til ny E39 mellom Os og fylkesgrensa.

Kontaktutvalet bør leggje opp to møter i året, og elles etter behov. Det vil særleg vere viktig å tilpasse arbeidet med NTP-prosessane og høyringsfasar for den statlege planen.

Eit kontaktutval kan bestå av fylkeskommunen, kommunane langsetter traseen, Samarbeidsrådet i Sunnhordland, Bergen kommune, næringsforeningane langsetter vegen og større bedrifter.

Hordaland fylkeskommune kan delta med to representantar, ein frå posisjonen og ein frå opposisjonen. Kontaktutvalet bør bli leia av fylkesordførar, og sekretariatet bør liggje hjå Hordaland fylkeskommune.

### **Oppstartsmøte**

Det bør inviterast til eit møte med sentrale interessentar for å drøfte mandat og samansetting for eit slikt kontaktutval. Møtet bør haldast etter at vi kjenner til korleis Statens Vegvesen ønskjer å organisere arbeidet med planprogrammet.

Det kan vere naturleg å invitere kommunane i Sunnhordland, samt Bergen kommune, LO og NHO, næringsråda langsetter traseen og Bergen Næringsråd til møtet.